



Branntroppen frå Uskedalen var kjapt på plassen.

**Kring kl. 17.00 gjekk brannalarmen på Uskedal skule. Alarmen er ikkje kopla til 110 sentralen. Nabonane, som høyrde alarmen, melde frå. Dessutan var det to reinhaldarar i lokala. Ei gruppe gitarelevar frå Kulturskulen hadde undervisning med læraren sin. Det var røykutvikling i taket i vestibylene. Det er uvisst om det var ein ulmebrann. Branntroppen og politiet er på plassen.**

Branntroppen frå Uskedalen hadde stutt veg og var på plassen kort tid etter alarmen gjekk. Bygget vart evakuert slik instruksjen tilseier. Rektor og mann frå vaktmeistertenesta var kjapt på plassen. Branntroppen tok seg inn i bygget og sjekka ut evt. kva som kan vera årsaka.

Det er så langt Uskedalen.no kjenner saka. Meir informasjon kjem.

**Siste: Rektor, Odd Steinar Arnesen, melder at det var ein elektrisk feil i eit lysarmatur som utløyste brannalarmen. Medlemer i brannvernet vert i bygget utover kvelden for å sikra plassen og ivareta sikkerheten.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Politiet og ein brannbil frå Husnes kom til.